



Både Ingvild og Emmie fekk flott lyd i instrumenta!

Sist veke arrangerte skulemusikken prøveblåsning av instrument og det var to spente og flinke jenter som møtte opp. Det er framleis mulighet for fleire til å komme og prøve instrument.

Dirigent Tor Skeie Olsen tok imot dei nye ivrige musikantane som fekk prøve baryton og kornett. Både Ingvild og Emmie fekk flott lyd i instrumenta og då Tor spurde om kvifor dei hadde lyst til å byrja i skulemusikken fekk han til svar frå begge «Det ser kjekt ut!»

Dette året har Uskedalen 6 aspirantar i kulturskulen og etter prøveblåsning sist veke ser det ut til at minst to nye aspirantar starter opplæring til hausten. Skulle det vera nokon som hadde gløymt prøveblåsninga kan dei ta kontakt med dirigent Tor Skeie Olsen eller Monica Hermann i styret (tlf 90635493) for å få prøva eit instrument.

Aspirantopplæring i kulturskulen er frå 3. klasse og oppover. Det er altså ikkje for seint å begynne å spele instrument om ein går i 4., 5. eller 6.klasse!

Søknadsfristen til kulturskulen er 15.april og ein søker elektronisk.

Tekst og foto: Monica Herrmann
Nett: Thor Inge Døsland

